

Berekraftig verdiskaping

Handlingsprogram

2022-
25



Innhold

Innleiing	3
1. Mål og satsingar	4
2. Grøn næringsutvikling	5
3. Areal til næringsutvikling	8
4. Kompetanseutvikling i arbeidslivet	10
5. Innovative og inkluderande samfunn	12
6. Oppdrag og tiltak på tvers	14
7. Samarbeid og forpliktande partnerskap	17
8. Resultat- og effektmåling	19
Vedlegg: Ordliste	22



Innleiing

Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein plan for heile fylket.

Den regionale planen varer frå 2021-2033. Planen har fire satsingar: Grøn næringsutvikling, Areal til næringsutvikling, Kompetanseutvikling i arbeidslivet og Innovative og inkluderande samfunn.

Vi skal ta høgde for endra rammevilkår og gripe nye moglegheiter i heile planperioden.

Fireårige handlingsprogram og årsplanar skal sikre at vi når dei langsiktige, overordna måla i planen og gjer aktuelle og dynamiske prioriteringar til beste for heile fylket.

Handlingsprogrammet for åra 2022-2025 skal gje retning og forplikte partnarar i fylket til felles strategiar for å nå måla i planen. Fylkestinget har vedteke handlingsprogrammet. Fylkestinget skal også kvart år vurdere om det er behov for justeringar

Årsplanar skal sikre ressursar og plassere ansvar for gjennomføring av dei felles strategiane. Hovudutval for næring vil vedta årsplanane.

Vestland skal bli verdsmeister i samarbeid!

Arbeidet med planen og dette handlingsprogrammet har hatt brei forankring i fylket. Arbeidsgrupper og Kompetanseforum Vestland har gitt innspel. Rapporten frå prosjektet Grøn region Vestland eit viktig kunnskapsgrunnlag og oppfølging av Grøn region Vestland er bygd inn i handlingsprogrammet.

Vi skal nytte dei unike konkurransefortrinna i Vestland for å bli det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Vi skal gjennomføre strategiane i satsingane og løyse kritiske oppdrag å tvers: Bygge strategiske grønne knutepunkt gjennom industriell symbiose - Ta posisjon som den globalt leiande havregionen – Verdsleiande innovasjon på grøn infrastruktur og Sikre det biologiske mangfaldet og ta vare på matjorda


Ingen kan åleine løyse utfordringane vi står framfor. Samarbeid er nøkkelen til suksess. Vi bygg vidare på samarbeidet vi har utvikla i dei ulike regionane – og mellom nord og sør, kyst og innland i det nye Vestland fylke.

Mål og satsingar

Visjonen og hovudmålet er vedteken i Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 →

Planen har fire satsingar →

og mål for kvar satsing →





I dette handlingsprogrammet er det etablert delmål fram mot 2033 og strategiar for satsingane i perioden 2022-2025



Grøn næringsutvikling

Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030





Delmål 1

Vestland har leianda
posisjon internasjonalt
i grønne verdikjeder

Delmål 2

Eit innovativt
og grønt næringsliv
i heile fylket



Delmål 1

Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen
- 2 Realisere heilskapeleg verdikjede med netto nullutslepp for transport i Vestland
- 3 Styrke innsatsen for å sikre nye, store, berekraftige industrietableringar til heile fylket
- 4 Nytte kompetansen frå prosessindustrien og subsea til å utvikle ei grøn mineralnæring og næringsutvikling med vekt på lokal verdiskaping
- 5 Samordne innsatsen innan havnæringane for å realisere Vestland som verdas leiande havregion
- 6 Nytte store infrastrukturprosjekt til å skape innovasjon og regionale leveransemodellar
- 7 Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikknutepunkt
- 8 Vurdere om det behov for nye tiltak eller ny organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget frå Grøn region Vestland

Delmål 2

Et innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Redusere dei største punktutsleppa til netto null
- 2 Realisere nullutsleppsløysingar i bygg- og anleggsnæringane
- 3 Bidra til grøn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar
- 4 Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
- 5 Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp



Delmål 1

Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
1 Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til dei store omstillingsprosjekta i regionen	Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grønne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi lage ein plan for å bygge ut naudsynt nettkapasitet på kort og lang sikt. Konkrete løysingsforslag må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft.	Statnett, kommunar, kraftnæringa, prosessindustri, olje og gassproduksjon, fylkeskommunen
2 Realisere heilskapeleg verdikjede med netto nullutslepp for transport i Vestland	Nullutsleppstransport av varer og mennesker til havs, til lands og i lufta er ein nøkkel for realisere det grønne skiftet i Vestland. Det må satsast på heile verdikjeder, frå forskning, utvikling og pilotering, til skalering og kommersialisering. Å realisere heilskapelege verdikjeder for grøn transport, vil krevje store investeringar og stor offentleg-privat samarbeidsinnsats. Det offentlege vil gå føre ved å setje krav ved innkjøp og ved å bruke differanse-kontraktar eller insentivsystem som gjer det lønsamt å velje grønne løysingar.	Næringsaktørar, Innovasjon Norge, Statens vegvesten, andre statlege aktørar, fylkeskommunen, forskings- og utdanningsinstitusjonar
3 Styrke innsatsen for å sikre nye, store, berekraftige industrietableringar til heile fylket	Det skal vere enkelt for industriaktørane å skaffe relevant informasjon om næringsareala i Vestland. Dette kan løysast ved at næringslivsaktørar, kommunar og grunneigarar vert kopla og relevant kunnskap vert gjort tilgjengeleg. Det er trong for ein felles organisering i fylket. Vi må bygge vidare på "Invest In"-metodikken i Vestland.	Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, næringsorganisasjonane, Næringsforum Vestland, Invest in Bergen
4 Nytte kompetansen frå prosessindustrien og subsea til å utvikle ei grøn mineralnæring og næringsutvikling med vekt på lokal verdiskaping	Offshore mineralutvinning og moderne gruvedrift har eit stort potensiale for å utvinne mineral som er kritiske for grøn omstilling. Det er behov for å kartlegge ressursar og potensiale for å nytte dei. Utvikling av denne næringa må skje i tett kontakt mellom ulike forvaltningsnivå og næringsaktørar.	Næringsorganisasjonane, kommunane, Innovasjon Norge, fylkeskommunen, forskings- og utdanningsinstitusjonar



Delmål 1 fortsettelse

Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grønne verdikjeder

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
<p>5 Samordne innsatsen innan havnæringane for å realisere Vestland som verdas leiande havregion</p>	<p>Vestland har gjennom alle sine kystkommuner, eit unikt potensiale for å ta ein tydeleg posisjon internasjonalt ved å utnytte havressursar til mat, produsere berekraftig fôr, i energiproduksjon og til å utvikle bruken av marine artar. Mellom anna ved å trekke til oss kompetanse, kapital og bygge partnerskap, kan vi sikre at nasjonale satsingar blir lagt fylket. Ei koordinering av innsatsen må til for å realisere potensialet. Vi skal bidra til å realisere og utvikle maritime og marine hubar, som Havbyen Bergen.</p>	<p>Fylkeskommunen, kommunar, Innovasjon Norge, næringsorganisasjonar, marine og maritime klynger, forskings- og utdanningsinstitusjonar</p>
<p>6 Nytte store infrastrukturprosjekt til å skape innovasjon og regionale leveransemodellar</p>	<p>Det er planlagt mange store infrastrukturprosjekt i fylket dei neste tiåra. I tillegg kan meir klimavenleg næringsutvikling også krevje store infrastrukturinvesteringer. Offentlege aktørar skal bidra ved å stille krav om sirkularitet ved store offentlege infrastrukturprosjekt, der samfunnsnyttig bruk av restprodukt vert vektlagt. Massehandtering på tvers av store infrastrukturprosjekt må tilstrebast. Vi skal legge til rette for at leverandørar i Vestland kan posisjonere seg for å sikre verdiskapinga lokalt.</p>	<p>Fylkeskommunen, Statens vegvesen, kommunar, entreprenørar, NHO, Innovasjon Norge, forskings- og utdanningsinstitusjonar</p>
<p>7 Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri</p>	<p>Arbeidet med Grøn region Vestland har identifisert strategiske hubar for grøn omstilling. Dette er eksisterande industriområde med høge utslepp, strategisk plassert nær hamner og knutepunkt på land, hjørnesteinsbedrifter med høgt potensiale for energi- og materialgjenvinning og moglegheiter for industriell symbiose og sirkulære prinsipp. Det vil vere naudsynt å auke kompetansen på sirkulære prinsipp og industriell symbiose hjå alle aktørar i næringslivet, offentlig sektor og forskning og utvikling. Vi skal nytte digitalisering, robotisering og erfaringar frå systemindustrien.</p>	<p>Kommunane, industriaktørar, Innovasjon Norge, fylkeskommunen, forskings- og utdanningsinstitusjonar</p>
<p>8 Vurdere om det behov for nye tiltak eller ny organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget frå Grøn region Vestland</p>	<p>Grøn region Vestland peikar på komplekse oppgåver som må løysast om vi skal lukkast med grøn næringsutvikling. Desse er for store til å bli løyst av enkeltaktørar, så forpliktande samarbeid gjennom til dømes programorganisering, kan vere ein måte å jobbe med desse på.</p>	<p>Kommunane, næringsorganisasjonar, Næringsforum Vestland</p>



Delmål 2

Et innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
1 Redusere dei største punktutsleppa til netto null	Ein stor del av utsleppa i Vestland kjem frå nokre få, store utsleppskjelder. Desse utsleppa blir definert som punktutslepp. Hovudsakleg er dette utslepp knytt til industriproduksjon. Vi må jobbe for rammevilkår og verkemiddel som gjer det mogleg å redusere utslepp gjennom innovasjon og teknologiutvikling. Industriar som kuttar eigne utslepp, vil få eit konkuransefortrinn. Planlagde og pågåande innovasjonsprosjekt må bli kartlagt med sikte på å kople saman initiativ på tvers av sektorar.	Industriaktørar, teknologiklynger, Innovasjon Norge, Enova, andre statlege aktørar, forskings- og utdaningsinstitusjonar
2 Realisere nullutsleppsløysingar i bygg- og anleggsnæringane	Bygg og anleggsbransjen er viktig for sysselsetting og verdiskaping i Vestland, og har stort potensial for å redusere utsleppa sine. Ein stor del av utsleppa kjem frå mobil forbrenning knytt til bygg- og anleggsplassar. Offentlege aktørar vil bidra til endring ved å nytte innkjøpsmakta og setje krav i anbudsprosessar. Dette vil bidra til å få fram nye smarte løysingar og berekraftig materialval.	Ansvarlege for store infrastruktur- og utviklingsprosjekt, næringsaktørar, kommunane, Innovasjon Norge, forskings- og utdaningsinstitusjonar
3 Bidra til grøn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar	Det er viktig å halde oppe matproduksjonen i fylket og legge til rette for at matproduksjonen blir meir klimavenleg både i sjø og på land. Ny teknologi kan bidra til å gjere arbeidet meir effektivt, men ny teknologi og innovasjonar kan også bidra til å redusere utslepp og erstatte importerte innsatsfaktorar som til dømes fôr og gjødsel. "Temaplan landbruk" vil konkretisere korleis dette kan følgjast opp i landbruksnæringa.	Fylkeskommunen, Statsforvaltaren, Innovasjon Norge, Vestland bondelag, Bonde og småbrukaralaga, sjømatnæringa og bransjeorganisasjonar, næringsklynge



Delmål 2

Et innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
4 Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet	Ei viktig utfordring for reiselivet er å unngå urimeleg slitasje og press på lokalsamfunn ved å spreie trafikken i tid og rom. Næringa må også setje fokus på lokal verdiskaping, kvalitet framfor kvantitet og ein må ha som mål at turistane blir lengre og kjem til alle årstider. Det er nødvendig med eit kompetanseløft for å gjere næringa i stand til å gjennomføre dei endringane og omstillinga som er naudsynt. I «Temaplan reiseliv» vil nødvendige tiltak bli konkretisert.	Fylkeskommunen, kommunane, Fjord Norge, destinasjonsselskapa, Innovasjon Norge og Statsforvaltaren
5 Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp	Vestland har stor tilgang av fornybare ressursar frå jord, skog og hav og i tillegg, industri og kompetanse som gjer at vi kan ta ut dette potensialet gjennom innovasjonar og bruk av ny teknologi. Fornybare restråstoff kan nyttast i produksjon av nye produkt av stor verdi. Ikkje fornybare materiale må ombrukast og gjennvinnast. Regelverk og økonomiske verkemiddel må stimulere til sirkulære løysingar. Offentlege innkjøp, kunnskapsutvikling og nettverk er også sentrale verkemiddel.	Fylkeskommunen, kommunane, regionråd, Statsforvaltarane, statlege aktørar, organisasjonar, næringsliv og verkemiddelapparat elles





Areal til næringsutvikling

Rett areal til rett foremål til rett tid





Delmål 1

Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heilskapleg

Delmål 2

Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar

Delmål 3

Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging



Delmål 1

Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heilskapleg

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Næringslivet blir tidleg involvert ved planlegging av næringsareal
- 2 Sikre heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser
- 3 Legge grunnlag for eit meir effektivt planarbeid og sikre oppdaterte arealplanar
- 4 Sikre at rekkefølgekrav ikkje legg urimelege hinder i vegen for å nytte eigna areal

Delmål 2

Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Legge til rette for nok eigna areal til grøn omstilling og innovasjon i næringslivet
- 2 Sikre berekraftig bruk av naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord

Delmål 3

Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Samle og gjere kunnskap til bruk i arealplanar og planstrategiar lett tilgjengeleg for kommunane
- 2 Auke kapasitet og kompetanse i planarbeidet



Delmål 1

Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsiktig og heilskapleg

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
1 Næringslivet blir tidleg involvert ved planlegging av næringsareal	Næringslivet og næringslivsorganisasjonane må involverast tidleg, allereie i arbeidet med samfunnsdelen, slik at næringslivet sitt arealbehov kjem fram i starten av planprosessen. Å kartlegge behov, og dialog og samhandling mellom ulike aktørar er viktige premisser for dette tiltaket.	Kommunane, fylkeskommunen, KS, næringsliv
2 Sikre heilskapleg og langsiktig arealplanlegging på tvers av kommunegrenser	Når vi ser på trong for areal i dag, og langsiktige trendar som kan skape nye eller endra behov for areal så må dette gjerast på tvers av kommunegrenser slik at det legg grunnlag for heilskapleg planlegging og gode synergjar. Vurdere behov for strategi for utvikling av næringsareal i fylket. Regionale styresmakter må tidleg inn i planarbeidet med tydelege råd om kva nasjonale og regionale interesser det må tas omsyn til.	Kommunane, regionråda, fylkeskommunen, Mattilsynet, Kystverket, Fiskeridirektoratet, Statsforvaltaren, NVE, med fleire
3 Legge grunnlag for eit meir effektivt planarbeid og sikre oppdaterte arealplanar	For å sikre eit meir effektivt planarbeid må regionale styresmakter tidleg inn i planprosessane med hjelp til kommunane. Det må vere regional semje om nivået på konsekvensutgreingar for overordna planer og det må setjast i verk tiltak slik at fristar for uttale til kommunale planar vert haldne. Kommunane bør utarbeide ein politikk for dispensasjonar, slik at mindre justeringar av næringsareal som ikkje har vesentleg verknad for planen som heilskap, kan vurderast.	Kommunane, regionråda, fylkeskommunen, regional stat, Statsforvaltaren, Mattilsynet, Kystverket, Fiskeridirektoratet, NVE, Kommunal- og moderniseringsdepartementet med fleire
4 Sikre at rekkefølgekrav ikkje legg urimelege hinder i vegen for å nytte eigna areal	Det skal utarbeidast prinsipp som kommunane kan bruke for å utarbeide gode rekkefølgekrav, slik at desse framstår som rimelege og ikkje legg unødige hinder i vegen for utvikling og innovasjon.	Kommunane. Statsforvaltaren, FK, næringsorganisasjonane



Delmål 2

Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
1 Legge til rette for nok eigna areal til grøn omstilling og innovasjon i næringslivet	For å møte arealbehovet i framtida er det trong for å kartlegge næringslivet sitt arealbehov, både på land og i sjø. Det skal utarbeidast ei felles digital løysing som til ein kvar tid gir oversikt over tilgjengeleg areal i fylket, og som er til hjelp for kommunane og næringsaktørar. I dette ligg det også å synleggjere potensialet for å transformere eksisterande næringsareal til en berekraftig framtid. Utgreie og legge til rette for energi- og materialgjenvinning, industriell symbiose og sirkulære modellar med særleg fokus på eksisterande industri med høge utslepp, strategisk plassering nært hamner og knutepunkt på land, og hjørnesteinsbedrifter med høgt potensiale.	Kommunane, fylkeskommunen, Statsforvaltaren, andre statlege aktørar og næringsorganisasjonane.
2 Sikre berekraftig bruk av naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord	Vi skal legge til rette for teneleg areal til næringsutvikling i tråd med føringar for satsinga i planen. Ny utbygging skal skje på ein skånsam måte som tek i vare naturressursane, biologisk mangfald, og sikrar at Vestland minst følgjer opp dei nasjonale jordvernmåla. Det skal takast omsyn til areal som er eigna for utbygging og område på land og i sjø som ikkje skal byggast ut.	Fylkeskommunen, kommunar, Statsforvaltaren og andre statlege aktørar




Delmål 3

Kommunane har god tilgang til kunnskaps- og datagrunnlag, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med kommunal planlegging


Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
1 Samle og gjere kunnskap til bruk i arealplanar og planstrategiar lett tilgjengeleg for kommunane	Utvikle fylkesatlas ved å samle og gjere tilgjengeleg informasjon om planar, føresegner og liknande. Eigna areal for næring, områdespesifikke omsyn og område som ikkje skal byggast ut skal synleggjerast. Regional styresmakter skal arbeide aktivt innanfor sitt ansvarsområde for å levere data/kunnskap til bruk i arealplanar.	Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane
2 Auke kapasitet og kompetanse i planarbeidet	Stimulere til meir samarbeid mellom kommunar om plankapasitet og plankompetanse for planlegging både på land og i sjø. Jobbe med å auke plankompetansen som sikrar næringslivet sitt behov for næringsareal. Vurdere å sette av midlar til økonomisk og fagleg støtte for å stimulere til kommunesamarbeid.	Fylkeskommunen, kommunane, Statsforvaltaren og andre statlege aktørar, næringa og regionråda





Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse



Delmål 1

Vi har rett kompetanse
i næringslivet og
offentlig sektor

Delmål 2

Det er god tilgang på
arbeidskraft

Delmål 3

Vi har tett samarbeid om
kompetanseutvikling



Delmål 1

Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Utvikle og styrke utdanningstilbodet retta inn mot det grønne skiftet
- 2 Bygge tverrgående kompetanse for framtida i alle utdanningsløp
- 3 Halde på nyutdanna kandidatar i fylket og sikre at kompetansen deira er relevant for arbeidslivet
- 4 Styrke karriererettleinga i grunnutdanninga
- 5 Ta i bruk karriererettleiing som verktøy i omstillingsprosessar

Delmål 2

Det er god tilgang på arbeidskraft

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Kartlegge og koordinere kompetansebehov som grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet
- 2 Utgreie og pilotere løysningar for desentralisert og fleksibel utdanning
- 3 Mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning
- 4 Gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible
- 5 Gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet
- 6 Rekruttere nye arbeidstakarar til fylket nasjonalt og internasjonalt

Delmål 3

Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Etablere samarbeid om karriererettleiing på tvers av utdanningsnivå og sektorar
- 2 Tettere samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilrettelegge utdanningstilbodet
- 3 Påverke nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra for regional kompetansepolitikk



Delmål 1

Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentlig sektor

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
1 Utvikle og styrke utdanningstilbodet retta inn mot det grønne skiftet	Det grønne skiftet vil utløyse behov for ny kompetanse i privat og offentlig sektor. Det trengs mellom anna kompetanseløft på industriell bioteknologi, spesielt retta inn mot strategiane i satsinga "Grøn næringsutvikling".	Utdanningsinstitusjonane, næringslivsaktørar, partane i arbeidslivet og fylkeskommunen
2 Byggje tverrgående kompetanse for framtida i alle utdanningsløp	Utdanningsinstitusjonane vil halde fram med å integrere tverrgående tema som til dømes digitalisering og berekraft i utdanningane. Arbeidet med å avdekke kva tverrgående tema det er særskild behov for, skal gjerast i eit samarbeid mellom partnarane.	Utdanningsinstitusjonane, næringslivsaktørar, kommunane, partane i arbeidslivet, fylkeskommunen
3 Halde på nyutdanna kandidatar i fylket og sikre at kompetansen deira er relevant for arbeidslivet	Dette arbeidet skal ha særleg vekt på å involvere bedrifter og offentlege verksemder i heile fylket. Vi skal (a) vidareutvikle utvekslings- og praksisordningar (b) auke bruken av studentoppgåver (c) utvide bruken av traineeordningar (d) vurdere eigen traineeordning eller liknande ordningar for små og mellomstore bedrifter (e) utgreie mogelegheiter for å utvide yrkes- og studiekompetanseordninga.	Utdanningsinstitusjonane, kommunane og næringslivet
4 Styrke karriererettleinga i grunntdanninga	Arbeidet med å styrke karriererettleinga i grunntdanninga skal ha særleg vekt på å (a) synleggjere for elevane kva jobbmoglegheiter som finst i regionen (b) auke kunnskapen om kompetansebehov i framtida (c) auke innsikta hjå føresette om kva mogelegheiter dei ulike utdanningsprogramma gjev.	Kommunane, fylkeskommunen og Karriere Vestland
5 Ta i bruk karriererettleiing som verktøy i omstillingsprosessar	Utvikle ein samarbeidsmodell for å bruke karriererettleiing som verktøy i bedrifter som skal omstille seg.	Karriere Vestland og næringslivsaktørar, NAV

Det er god tilgang på arbeidskraft



Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
1 Kartlegge og koordinere kompetansebehov som grunnlag for å dimensjonere utdanningstilbodet	Vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget som statistikkutvalet under Kompetanseforum Vestland utviklar kvart år på fylkes- og regionsnivå. Utvikle ein modell som kan nyttast til å kartlegge og koordinere kompetansebehovet i den einskilde kommune på kort og lang sikt. Dimensjonering av utdanning må kombinere behovet her og no med føreseielegheit og langsiktigheit	Fylkeskommunen, utdanningsinstitusjonane, kommunane, partane i arbeidslivet
2 Utgreie og pilotere løysningar for desentralisert og fleksibel utdanning	I påvente av nasjonale føringar og midlar på feltet, må det testast ut ulike løysningar for desentralisert og fleksibel utdanning på alle nivå. Dette må skje i samspel med eksisterande campus og vidaregåande skular. Her vil det bli lagt vekt på (a) digitalisering av undervisinga og pedagogisk opplegg (b) komprimerte og modulbaserte utdanningsløp (c) utvikle nettskule for vidaregåande utdanning (d) kopling til lokalt arbeidsliv.	Utdanningsinstitusjonane, næringslivsaktørar, fylkeskommunen, kommunane og næringslivet
3 Mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning	Det er behov for lokale aktørar som spesifikt har ansvar for å mobilisere til auka bruk av etter- og vidareutdanning. Utvikle og setje i verk modellar for dette arbeidet som omfattar til dømes møteplassar og pådrivar- og meklarroller.	Utdanningsinstitusjonane, næringslivsaktørar, fylkeskommunen, kommunane, næringslivet og partane i arbeidslivet
4 Gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible	Undersøke kva handlingsrom vi har regionalt for å gjere overgangar og kombinasjonar av utdanningsløp meir fleksible. Det kan vere å ta fagbrev nummer to, å bygge vidare på fullført utdanning og ta fagbrev etter bachelor eller å ta fagbrev etter tileigna studiekompetanse. For å gjere overgang mellom utdanningsløp smidigare vil kvalifisering av elevar til utdanningar med konkrete krav, til dømes medisin og sjukepleie, vere relevante aktivitetar.	Utdanningsinstitusjonane
5 Gjere dei som står utanfor arbeidsmarknaden relevante for arbeidslivet	Utvikle nye samarbeidsmodellar mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarar, flyktningar, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå forsøk og modellar i fylket.	NAV, kommunane, Vestland fylkeskommune, næringslivet og utdanningsinstitusjonane
6 Rekruttere nye arbeidstakarar til fylket nasjonalt og internasjonalt	Etablere eit strategisk samarbeid for å rekruttere kritisk kompetanse og gjere det attraktivt for arbeidstakarar å komme til og bli værande i dei ulike regionane i fylket. Dette samarbeidet må også omfatte å rekruttere høgkvalifisert arbeidskraft internasjonalt. Vi skal jobbe systematisk med å nytte internasjonale utvekslings- og mobilitetsordningar. som til dømes Erasmus+	NAV, kommunane, Vestland fylkeskommune, næringslivet og utdanningsinstitusjonane



Delmål 3

Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling


Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
1 Etablere samarbeid om karriererettleing på tvers av utdanningsnivå og sektorar	Det er behov for meir samarbeid mellom ulike nivå og sektorar for å sikre kvalitet og å gjere karriererettleinga meir gjenkjenneleg, med vekt på dialog og erfaringsutveksling.	Utdanningsinstitusjonane, Karriere Vestland, NAV og arbeidsmarknadsbedrifter
2 Tettere samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilrettelegge utdanningstilbodet	Det er alt mange gode samarbeidsarena på dette feltet i Vestland. Det er viktig å jobbe systematisk for å sikre at samarbeid om kompetanseutvikling skjer på rett nivå, med dei rette aktørane og avdekke område der det er behov for å etablere nye samarbeidsarena.	Utdanningsinstitusjonane, næringslivsaktørane, kommunane, fylkeskommunen
3 Påverke nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra for regional kompetansepolitikk	Mykje av rammene for det regionale kompetansearbeidet vert lagt nasjonalt. Det er difor viktig å jobbe med og opp mot nasjonale styresmakter for å betre rammevilkåra.	Kompetanseforum Vestland





Innovative og inkluderande samfunn

Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket





Delmål 1

Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Delmål 2

God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket



Delmål 1

Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Jobbe for å gjere offentlege tenester meir tilgjengelege i heile fylket
- 2 Stimulere til auka bulyst gjennom å mobilisere til lokale initiativ og skape fleksible arbeidsplassar
- 3 Sikre god digital infrastruktur og -tenester i heile fylket
- 4 Samarbeid for å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør
- 5 Ta i bruk ressursane i heile befolkninga

Delmål 2

God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

Strategiar 2022 - 2025

- 1 Sjå regionale, nasjonale og internasjonale nettverk og verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling i samanheng
- 2 Heilskapleg støtte til entreprenørar: Ein "koplingsboks" for gründarar og rådgjevarar
- 3 Felles innsats for å stimulere til forskning og forskingsbasert innovasjon



Delmål 1

Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
<p>1 Jobbe for å gjere offentlege tenester meir tilgjengelege i heile fylket</p>	<p>I bu- og arbeidsmarknadsregionen er tilgang til eit fullverdig tenestetilbod viktig. Det skal arbeidast med å påverke aktørar som er ansvarlege for ulike offentlege tenester for å sikre god tilgang til tenester innan ein time reiseveg eller gjennom digitale og fleksible løysingar. Det er viktig at tenestene vert tilrettelagt for ulike brukarar. Her må potensialet for samspel med frivillig sektor nyttast. Det blir arbeidd med ein pilot for å samle fleire tenestetilbydarar, inkludert statlege, på ein plass. Det må arbeidast med å etablere ei felles regioninndeling for tilbydarane av ulike offentlege tenester. Regional plan for senterstruktur vil også ha med dette perspektivet. Breiband, offentleg transport og veg innad og ut av bu- og arbeidsmarknadsregionen er sentrale faktorar. "Temaplan breiband og digitalisering» vil også bidra til å realisere denne strategien.</p>	<p>NAV, Innovasjon Norge, Regionalt forskingsfond, Norges forskingsråd, Statsforvaltaren, Helse Vest, fylkeskommunen, kommunane</p>
<p>2 Stimulere til auka bulyst gjennom å mobilisere til lokale initiativ og skape fleksible arbeidsplassar</p>	<p>Stimulere til lokalt utviklingsarbeid for å skape bulyst, til dømes gjennom metodikken i LivOGLyst-programmet. Legge til rette for felles løysingar for desentralisert og fleksibel utdanning og fjernarbeidsplassar som gjer det mogleg å bu lokalt, men arbeide sentralt. I tillegg skal den kulturelle grunnmuren styrkast gjennom kultur- og opplevingstilbod med møteplassar for alle innbyggjarar. Vi må bygge opp under ungt fellesskap og førebygge utanforskap. «Regional plan for kultur, idrett og inkludering» vil bidra her.</p>	<p>Kommunane, frivillige organisasjonar, næringsliv og andre samfunnsaktørar lokalt og regionalt, fylkeskommunen</p>
<p>3 Sikre god digital infrastruktur og -tenester i heile fylket</p>	<p>Digitale infrastrukturesatsingar bidreg til å utvikle gode bu- og arbeidsmarknadsregionar. Felles strategisk samarbeid om kva som skal prioriterast når det gjelder framtidig digitalisering. Ein "Temaplan for breiband og digitalisering" skal på plass. Den skal mellom anna omhandle: god digital infrastruktur, digitale tenester i privat og offentleg sektor og digital medverknad.</p>	<p>Fylkeskommunen, kommunane, IT-forum Vestland og breibandleverandørar</p>



Delmål 1

Berekraftige bu- og arbeidsmarknads-regionar med like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
4 Samarbeid for å styrke kommunane som berekraftig utviklingsaktør	<p>Offentleg sektor, både kommunale og statlege aktører er viktige i arbeidet med grøn omstilling. Dei må arbeide med omstilling av eiga verksemd, og motivere, legge tilrette for og stille krav til lokalt næringsliv. Her er det behov for samarbeid og læring på tvers av kommunar. Dette kan vere spesielt nyttig for mindre distriktskommunar med færre ressursar og avgrensa kapasitet. Fylkeskommunen og statlege aktører må vere medspelar til KS, kommunane og regionane og tilby nettverk, møteplassar og andre samarbeidsverktøy. Bruk av innovative offentlege innkjøp er eit verkemiddel som kan gjere at ein løfter innovasjonsgraden i nye produkt og tenester. Offentleg innkjøpskraft er eit område med behov for styrka innsats.</p>	Kommunane, regionråd, KS, fylkeskommunen, Statsforvaltaren m.fl
5 Ta i bruk ressursane i heile befolkninga	<p>Ta i bruk ressursar handlar om at alle kan bidra til å skape verdiar for samfunnet. Det trengs større fleksibilitet i utdanningssystem, tilpassa språkopplæring og arbeidspraksis. Arbeidsgivarar i offentlig sektor og i næringslivet må samarbeide om å tilby arbeidspraksis for grupper utanfor arbeidslivet. Det er også viktig å finne måtar å synleggjere realkompetansen, mellom anna ved hjelp av digitale verktøy. Gode kår for frivillig sektor er også viktig for å inkludere grupper som til dømes eldre, ungdom og menneske med nedsett funksjonsevne. Vi skal legge til rette for samspel mellom offentlig sektor, næringsliv, utdanningssektoren og frivillige lag og organisasjonar. EU-program kan vere eit godt verktøy, som tilbyr både metodikk og finansiering. Vi skal arbeide for mangfald, likeverd og likestilling som arbeidsgjevar og som samfunnsutviklar.</p>	Kommunane, fylkeskommunen, NAV, næringsaktører, partane i arbeidslivet, frivillig sektor



Delmål 2

God innovasjonsinfrastruktur i heile fylket

Strategiar 2022 - 2025	Dette skal vi gjere	Sentrale aktører
<p>1 Sjå regionale, nasjonale og internasjonale nettverk og verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling i samanheng</p>	<p>Arbeide for å utvikle og utnytte SIVAs Næringshage- (NH) og inkubatorprogram (INK) med utgangspunkt i Vestland sine konkurransefortrinn og regionale utfordringar. Vi skal sikre eit optimalt samspel mellom NH/INK-programma og Innovasjon Noreg og Forskningsrådet sine verkemiddel. Strukturar for innovasjon, deling og medverknad, som også inkluderer aktørar som ikkje er med i dei nasjonale programma, må på plass i heile fylket. For å bygge nok kompetanse og kapasitet krevs, det samarbeid på fylkesnivå og på regionalt nivå mellom aktørane. Det vil vere behov for eit felles rapporteringssystem som fremjar samarbeid på tvers av verkemiddel. Skal ein få til eit slikt samarbeid i heile fylke er det viktig å auke kunnskapen om kva som er god delingskultur, tverrsektorelt samarbeid, open innovasjon, verdikjedemetodikk, smart spesialisering mm.</p>	<p>Fylkeskommunen, kommunane, KS, Innovasjon Norge, SIVA, Forskningsrådet, næringshagar og inkubatorar, klynger og katapultar, høgare utdanning og forskingsinstitusjonar</p>
<p>2 Heilskapleg støtte til entreprenørar: Ein "koplingsboks" for gründarar og rådgjevarar</p>	<p>Heilskapleg støtte til entreprenørar har som føremål å samordne tilbod frå verkemiddelapparatet for å gjere det enklare for entreprenørar og små- og mellomstore bedrifter å finne fram til rett rådgjeving til rett tid. Vi skal lage ein koplingsboks for å få hjelp lokalt, regionalt, fysisk eller digitalt. For innbyggjarane vil det verta enklare å starta ei bedrift eller ta initiativ til ein idé etter behov i marknaden. For rådgivarane og fyrstelinjeteneste vil denne løysinga gjere det lettare å vise entreprenørar vidare for hjelp og utvikling. Arbeidet må skje gjennom eit samarbeid i nettverk mellom Innovasjon Norge regionalt og nasjonalt, aktørar frå næringsliv, forskning, utdanning og offentleg sektor i heile fylket.</p>	<p>Fylkeskommunen, kommunane, Innovasjon Norge, SIVA, næringshagar, inkubatorar</p>
<p>3 Felles innsats for å stimulere til forskning og forskingsbasert innovasjon</p>	<p>Forskningsbasert kunnskap er viktig for å møte nasjonale og internasjonale utviklingstrendar og samfunnsutfordringar utan tap av grunnleggjande verdiar for samfunnet vårt. Det er behov for forskning som fører til forskningsbasert innovasjon på kortare sikt og forskning som kan bidra til å løyse utfordringane vi vil møte på lenger sikt. Skal ein til dømes sikre ei berekraftig og eksportretta industriutvikling må vi jobbe for å sikre langsiktig forskingsinnsats og sterke grunnforskningsmiljø i Vestland. Vi vil legge til rette for at næringsliv og kommunar samarbeider med forskarar for å løyse sine utfordringar. Eit felles støttesystem som skal stimulere til auka forskingsinnsats vil kunne hjelpe kommunar og næringsliv som ikkje har eigen kompetanse og kapasitet til å kome i inngrep med forskinga. I "Temaplan forskning" vil nødvendige tiltak bli konkretisert.</p>	<p>FoU-forum Vestland, kommunar, fylkeskommunen, KS, Forskningsrådet, SIVA, Innovasjon Norge, næringsorganisasjonane, høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar, næringshagar, inkubatorar, klynger, Horisont Vestland</p>



Strandgaten

norli

555

P Hus


E 16 585 E 39 N


E 16 Asane

Maritime Fris



Oppdrag og tiltak på tvers





Kritiske oppdrag

Dette må vi gjøre for at Vestland skal bli det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon:

1

Bygge strategiske grønne hubar gjennom industriell symbiose

2

Ta posisjon som den globalt leiande havregionen

3


Bygge innovativ grøn infrastruktur

4

Sikre det biologiske mangfaldet og ta vare på matjorda

Alle satsingane har strategiar som skal bidra til å løyse dei kritiske oppdraga





Tiltak på tvers av satsingane



Tiltak	Sentrale aktører
1 Samarbeid og koordinering med andre regionale planar	Fylkeskommunen i samarbeid med breie partnerskap for dei ulike planane
2 Utvikle og gjennomføre Temaplan reiseliv	Fylkeskommunen i samarbeid med partnerar innan reiseliv
3 Utvikle og gjennomføre Temaplan landbruk	Fylkeskommunen i samarbeid med partnerar innan landbruk
4 Utvikle og gjennomføre Temaplan breiband og digitalisering	Fylkeskommunen i samarbeid med IT-Forum Vestland og kommunane
5 Gjennomføre Temaplan forskning	Fylkeskommunen i samarbeid med FoU-forum Vestland
6 Nytte moglegheiter i internasjonalt samarbeid, spesielt EU sine samarbeidsprogram	Fylkeskommunen i samarbeid med Horisont Vestland og internasjonalt kommunenettnettverk
7 Utvikle system for resultat- og effektmåling	Fylkeskommunen i samarbeid med Næringsforum Vestland



Samarbeid og forpliktande partnarskap





Forpliktande partnerskap

Partnerskap er styringsform i oppfølginga av Handlingsprogram og årsplanane som høyrer til.

- Handlingsprogram gir retning og forpliktar partnerane til felles strategiar for å nå måla
- Felles årsplanar skal sikre ansvar og ressursar til å gjennomføre strategiane. Målet er at årsplanane skal synleggjere samla ressursinnsats, administrativt og økonomisk. Konkrete tiltak, og fordeling av ansvar og disponering av ressursar vil kome på plass i årsplanar og tilhøyrande avtaleverk.

Gjennom samfunnsutviklarrolla og som planmynde tek fylkeskommunen ansvar for leiing og koordinering av arbeidet.

Fylkestinget skal kvart år vurdere om det er behov for å justere handlingsprogrammet, i tråd med plan- og bygningslova. Oppfølging skal vere dynamisk. Sjølv om mål og strategiar i utgangspunktet er langsiktige, skal det vere rom for å vri verkemiddelbruk etter rammevilkår som endrar seg.

Handlingsprogrammet peikar på sentrale aktørar som skal bidra til å gjennomføre strategiane. Fordeling av ansvar for å gjennomføre strategiane vil kome på plass i felles årsplanar og avtaleverk.

Kommunar og regionråd er viktige aktørar i oppfølginga av planen. Likeins må **næringslivet** vere tett involvert og engasjert i arbeidet.

Næringsforum Vestland representerer sentrale partnerar i fylket. Næringsforum har som oppgåve å:

- utvikle felles årsplanar og sikre framdrift i arbeidet
- sikre koordinert og effektiv bruk av offentlege ressursar til innovasjon og næringsutvikling i heile fylket
- sikre samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av konkrete tiltak.



Verktøy og verkemiddel

For å nå måla i planen må vi ha verktøy og verkemiddel, som er dynamiske og basert på behov. Når det skal lagast årsplanar er val av verkemiddel sentralt.

Vi har identifisert ulike typar verkemiddel:

- Økonomiske
- Politiske
- Forvaltningsmessige
- Juridiske
- Samhandling og møteplassar
- Forsking / kunnskap / FoU
- Internasjonalt samarbeid



Resultat og effektmåling





System for resultat- og effektmåling

Utvikling av eit felles system for resultat- og effektmåling for gjennomføring av den regionale planen er eit viktig tiltak i handlingsprogrammet.

For å kunne måle resultat og effektar av prioriterte innsatsar, skal det nyttast eit indikatorsystem som har tre nivå:

Nivå 1: Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.

Nivå 2: Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.

Nivå 3: Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Eitt sett med indikatorar for å følgje opp planen, er bestemt i starten av handlingsprogramperidoen. Nokre er eigna for å overvake utviklinga på fylkesnivå,

andre kan brytast ned til region- eller kommunenivå og kan kryssast med andre variablar, som næringskoder, yrkesgruppe, alder med vidare. Fleire kan nyttast til å måle resultat og effekt av konkrete tiltak og verkemiddel.

Nye indikatorar vil kome til, ikkje minst knytt til European Green Deal og tilhøyrande klassifiseringssystem, taksonomi, for berekraftig økonomisk aktivitet. Taksonomien vil danne grunnlaget for europeiske standardar og merkeordningar for finansielle instrument og produkt, og vil allereie frå 2022 påverke norske bedrifter som sel varer og tenester til EU.

Ein sterkare integrering av indikatorar knytt til FN sine berekraftsmål må også på plass.

Evalueringar på utvalde område vil inngå som del av systemet.

Ei dynamisk framstilling som viser utviklinga på sentrale indikatorar som kan nyttast på dei tre nivåa, skal på plass og bli gjort tilgjengeleg for eit breitt publikum.



> Grøn næringsutvikling

INDIKATOR	KORLEIS
Karbonproduktivitet	Verdiskaping per direkte klimagassutslepp
Utslepp av klimagassar (direkte)	Statistikk tilgjengeleg på kommunenivå frå Miljødirektoratet
Klimafotavtrykk (indirekte + direkte)	Kan reknast ut på fylkesnivå ut frå kryssløpsanalyse
Verdiskaping	SSB-statistikk

> Areal til næringsutvikling

INDIKATOR	KORLEIS
Ledig areal til næringsutvikling	Utvikle søkbar database skreddarsydd til føremålet, og data frå kommunane
Arealbruk og arealklasse til næring, offentleg og privat tenesteyting	Data på kommunenivå som kjem ein gong i året (SSB tabell 09594)
Nedbygging av dyrkbar jord	Data på kommunenivå som kjem ein gong i året (SSB tabell 07903).
Verna areal på land	Data på kommunenivå som kjem ein gong i året (SSB tabell 08936)

* Vestland. Statistikk og utviklingstrekk: <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/vestland--statistikk-og-utviklingstrekk/>



> Kompetanseutvikling i arbeidslivet

INDIKATOR	KORLEIS
NAV stramheit på fylkesnivå - Balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse)	Del av NAV sin årlege omverdsanalyse. Data på region/kommunenivå kan spesialbestillast frå NAV Vestland.
Verksemder som ikkje lukkast med å rekruttere tilsette med rett kompetanse	Del av NAV sin årlege bedriftsundersøking. Data på region/sektornivå kan spesialbestillast frå NAV Vestland

> Innovative og inkluderande samfunn

INDIKATOR	KORLEIS
Sysselsettingsutvikling	* Datasett i Statistikk og utviklingstrekk kapittel 3, undertema "Sysselsetting"
Folketalsutvikling etter alder	* Datasett i Statistikk og utviklingstrekk kapittel 1, undertema "Alder"
Forsørgerbyrden	* Utrekning bygd på data frå SSB som blir oppdatert årleg.
FoU-utgifter i næringslivet (pengar investert i forskning og utvikling i næringslivet)	* Datasett i Statistikk og utviklingstrekk kapittel 3, tema "Forskning og utvikling"
Nyetablering og overlevelse (bedrifter)	* Datasett kapittel 3, tema "Føretak", undertema "Nyetableringar" og "Overlevelse"

* Vestland. Statistikk og utviklingstrekk: <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/vestland--statistikk-og-utviklingstrekk/>



Vi skal særleg bidra til å nå seks berekraftsmål

Alle FN sine berekraftsmål med undermål er overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling bygger på mål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland.


Miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar ved berekraft påverkar kvarandre. Det er samanhengen og prioriteringar mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig. Når vi jobbar samla med dei kan vi avdekke motstrid og synergjar.

Det vil bli jobba med å integrere indikatorar knytt til FN sine berekraftsmål i system for resultat- og effektmåling for Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, som del av dette handlingsprogrammet.






Vedlegg



Ordliste



Omgrep	Forklaring
Berekraft / Berekraftig utvikling	Berekraftig utvikling er utvikling som tilfredsstillir dagens behov utan å øydelegge framtidige generasjonar høve til å tilfredsstille sine behov. For å skape berekraftig utvikling må verdssamfunnet jobbe på tre område: Klima og miljø - Økonomi - Sosiale forhold
Berekraftsmål	FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030
Entreprenørielle oppdagingsprosesser	Prosessane for å finne fram til måtar å vidareutvikle spesialisering på, blir kalla entreprenørielle oppdagingsprosessar. Dei tek utgangspunkt i at ingen aktørar aleine ser alle moglege vidare utviklingsveier. Når bedrifter, forskarar og andre aktørar får tilgang til kunnskap som er forskjellig frå deiga eigen, men ikkje så forskjellig at dei er ute av stand til å forstå eller bruke den, aukar sjansane for innovasjon.
European Green Deal	EU sin grønne vekststrategi – European Green Deal – legg opp til klima- og miljøpolitikk som går på tvers av politikkområde. Målet om klimanøytralitet i EU i 2050 er styrande for innhaldet i strategien. Stikkorda er meir berekraftig og sirkulær økonomisk utvikling med mindre ureining og lågare klimagassutslepp, betre helse, auka livskvalitet og nye arbeidsplassar. Strategien vektlegg eit breitt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og regionar. Ambisjonen er at EU skal være første klimanøytrale kontinent i 2050, og at ein klarer 55 % reduksjon i klimagassutslepp til 55 % (frå 1990) i 2030.
Grøn vekst	Auka verdiskaping med mindre samla miljøbelastning. Ofte sett i motsetning til konvensjonell, «brun» vekst. Som kan definerast som auka verdiskaping der samla miljøbelastning aukar på tross av auka produktivitsvekst. Her et volumet på veksten opp gevinsten av forbetringane. Døme: sjølv om kvar bil har fått litt betre motor, kørører fleire biler meir, slik at totale utslepp likevel går opp. (Per Espent Stoknes, BI)



Omgrep	Forklaring
Grøn konkurransekraft	For næringslivet er grøn konkurransekraft evna til å konkurrere globalt i ei tid der sterke verkemiddel vert tekne i bruk for å nå politiske klima- og miljømål. For å bli eit lågutsleppssamfunn, må verda ta i bruk nye og sterkare verkemiddel i klimapolitikken enn det ein er van med. Dette føreset også Parisavtalen. Elektrisitetsproduksjon og oppvarming må gradvis bli lagt om til nullutsleppsløysingar, transportmiddel må bli tilnærma utsleppsfrie, prosessutslepp frå industrien må reduserast kraftig, utslepp frå jordbruket må reduserast og opptak av klimagassar i skog og landareal aukast. Dette vil endre rammene for næringslivet i alle land. Ny teknologi må utviklast og takast i bruk. Samtidig vil etterspørselen bli vridd mot nye varer og tenester. For å takle omstillinga, må næringslivet kunne dekke sine kostnader, inklusive klima- og miljøkostnader, med dei prisene det kan oppnå for sine varer og tenester (regjeringa sin strategi for grøn konkurransekraft)
Grøn næringsutvikling	Grøn næringsutvikling betyr at produksjon, tenester og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
Industriell symbiose	Ein strategi for å få til sirkulær økonomi ved at bedrifter eller verksemder innanfor eit avgrensa geografisk område, samarbeider om bruk av ressursar som til dømes material, energi, vatn og/eller biprodukt.
Innovasjon	Det er ulike definisjonar på innovasjon. Dei er ikkje i konflikt med kvarandre men bringer gjerne fram ulike dimensjonar i kva omgrepet skal dekke. Vi trekk fram to definisjonar her: <ul style="list-style-type: none">• «Innovasjon er å fornye eller lage noko nytt som skaper verdi for verksemd, samfunn eller innbyggjarar. Forma er eksperimenterande og løysinga er ikkje kjent på førehand.» (Difi)• «Nytt, nyttig, nyttiggjort. Innovasjon er noko nytt og nyttig som er tatt i bruk og skaper verdi» (KS)
Netto nullutslepp	Netto nullutslepp er definert som balanse mellom klimagassutslepp og opptak av klimagassar. Det må fjernast minst like mykje CO2 frå atmosfæren som det vert slept ut. Denne planen nyttar same definisjon, og legg til grunn følgjande mål om å kutte CO2- utslepp og andre sterke klimagassar: <ul style="list-style-type: none">• Visjonen om netto nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030.• Utsleppa vert rekna som CO2-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO2.• Alle fossile utslepp skal fjernast.• Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekomme, men skal reduserast så mykje som råd.• Utslepp som ikkje er mogeleg å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen (The Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er eit internasjonalt anerkjent verktøy som kvert brukt til å berekna og rapportere klimagassutslepp.



Omgrep	Forklaring
Parisavtalen	Parisavtala er ein internasjonal avtale om klimapolitikk. Den vart vedteken som ein juridisk forpliktande avtale på klimatoppmøtet i Paris 12. desember 2015. Praktisk talt alle FN sine medlemsland har slutta seg til avtalen. Formålet med avtalen er å «styrke den globale responsen på trusselen som klimaendringene utgjør». Avtalen etablerer eit mål om å avgrense temperaturauken på jorda til «godt under» 2 °C, og helst til 1,5 °C.
Smart spesialisering	Alle regionar har særeigne moglegheiter og ulike føresetnader for næringsutvikling. Både regjeringa, OECD og EU anbefalar å utnytte disse forskjellane og skreddarsy politikken til kvar region. Smart spesialisering er en metode for å få det til. Prosessane for å finne fram til måtar å vidareutvikle spesialiseringane på, blir kalla Entreprenørielle oppdagingsprosessar. Sjå eigen definisjon.
Strategi	Ein strategi gir overordna retning for eit fagfelt eller område og skal peike ut vegval, satsingsområde og eventuelt mål. Den inneheld ikkje handlingsprogram eller tiltak, men ein bør likevel konkretisere korleis strategien skal følgast opp.
Taksonomi	EU skal innføre eit klassifiseringssystem, taksonomi, for berekraftig økonomisk aktivitet. Det er truleg EØS-relevant, men er foreløpig ikkje tatt inn i EØS-avtala. Taksonomien vil danne grunnlaget for europeiske standardar og merkeordningar for finansielle instrument og produkt. For at en økonomisk aktivitet skal bli rekna som berekraftig, må den bidra vesentleg til å oppnå minst eitt av seks definerte miljømål: <ul style="list-style-type: none">• Reduksjon av klimaendringar• Klimatilpassing• Berekraftig bruk og vern av vatn- og marine ressursar• Omstilling til ein sirkulærøkonomi, avfallsforebygging og gjenvinning• Førebygging og kontroll av ureining• Vern av artsmangfald og sunne økosystem
Temaplan	Temaplanar er heimla i kommunelov eller sektorlov og skal utarbeidast på grunnlag av regional planstrategi eller regional plan. Temaplanar kan utarbeidast for fagfelt der fylkeskommunen som tenesteproducent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet. Prosesskrava i plan og bygningslova gjeld ikkje for temaplanar. Temaplanar skal bidra til samordna innsats og bruk av verkemiddel og inneheld oftast ein tiltaksdel.

Fotorettigheter



Bilde	Side	Rettighetshaver
Solcelleanlegg. Austevoll, Kyrholmen lokalitet	5	Ocean Sun, patentert teknologi
Epleplukking	12	Fotograf: Yrjan Olsnes
Lefdal Mine	14	Lefdal Mine Datacenter
Laksefiletering	26	Vestland fylkeskommune. Fotograf: Morten Wanvik
Bysentrum	33	Vestland fylkeskommune. Fotograf: Morten Wanvik
Årdal	50	Vestland fylkeskommune. Fotograf: Slje Alvsaker/



